



Sak nr 13/2013

Møtedato: 17.4.13

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S772

## **S772, Nøsen – søknad om bygging av skåle**

Rune Øygard søker om å få bygge ny skåle på stølen og rive utedo på 4 m<sup>2</sup>. Skålen er på 3,8 x 5,4 m og er tenkt oppført i laft med skifer på taket. Skålen skal plasserast litt nord for det gamle selet.

Øygard driv i dag fôrproduksjon på stølen, men vil frå sumaren 2013 gå over til å beite arealet med fôringsdyr. Stølen er i bruk og søknaden skal behandlast etter § 10 i stølsforskriftene der det heiter:

*Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.*

*Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.*

Søknaden er sendt Oppland fylkeskommune og Statskog til uttale.

Oppland fylkeskommune har i brev datert 11.4.13 gjeve uttale med følgjande konklusjon: *Oppland fylkeskommune ved Kulturarveininga vil ikkje motsette seg at det blir gitt løyve til oppføring av ein skåle, som vist på dei vedlagde fotoa, eller riving av utedoen på stølen.*

Statskog har i e-post datert gjeve følgjande uttale: *... Statskog mener det er tilstrekkelig med bygningar på stølen, inkludert fjøs og låve, til den bruken som søknaden viser til. Vi anbefaler fjellstyre å se på alternativ løysning ved å bruke eksisterende bygningar på stølen.*

### **Vedtak:**

Fjellstyret utsett saka til befaring.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 24.4.13

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Rune Øygard  
Statskog  
Oppland fylkeskommune  
Vestre Slidre kommune